

Bømlo kommune  
Rådhuset Leirdalen 1  
5430 BREMNES


Avdeling for  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato 28.02.2025  
Vår referanse 2025/8872-2  
Dykkar referanse  
Sakshandsamar Endre Korsøen  
E-post Endre.Korsoen@vlfk.no  
Telefon 91764632

## Eide Brandasund AS - Søknad om justert arealbruk i anlegg for slaktemerdar for laks og aure på lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 26.02.2025 frå Eide Brandasund AS om utvida arealbruk for anlegg for slaktemerdar av laks og aure på lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune.

Eide Brandasund AS søker om utlegging av eit anlegg med 6 bur fordelt over 2 rekker, samt eksisterande flåte på anlegget si vestside. Anlegg- og flåteforankringa vil bestå av henholdsvis 13 og 8 liner (Figur under).



Lokaliteten er godkjent for ein maksimalt tillaten biomasse på 780 tonn. Det vert ikkje søkt om endring av lokalitetsbiomassen.

Løyve, H-B-40, gjeld for oppbevaring av slakteklar fisk av laks og aure. Det er ikkje tillate å fora fisken i anlegget. Fisken kan berre haldast i anlegget i kort tid i påvente av slaktekapasitet.

Eide Brandasund AS kjøpte i 2024 det nedlagte slakteriet på Brandasund frå Sjøtroll Havbruk AS. Slakteriet er no modernisert og i drift igjen. Den nye eigaren har behov for større fleksibilitet når det gjeld antal ventemerdar ved anlegget.

I kommuneplanen for Bømlo ligg anlegget og eksisterande flåte, samt delar av forankringa innanfor areal avsett til akvakultur (AK). Delar av forankringane mot nord, aust og sør vil strekke seg ut i fleirbruksområdet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Vestland fylkeskommune ber om at Bømlo kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Eide Brandasund AS

#### Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalisitet

